

REGULERINGSPLAN FOR CAMPINGPLASS I HESTADGREND REGULERINGSFØRESEGNER

Føresegner til reguleringsplankart i målestokk 1:1000 dagsett 1.3.2005.

Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for bygging av campinganlegg i kombinasjon med landbruk på gbnr 4/2 ved Kirkelisund i Hestadgrend.

§ 1. Føresegnene gjeld for det området som er markert med reguleringsplangrense på plankart i målestokk 1:1000, dagsett 1.3.2005. Teikning nr. 0418-100.

§ 2. Området er regulert til følgjande kombinerte føremål:

Pbl. 25.2	LANDBRUK	-	jordbruk L1
Pbl. 25.5	FAEOMRÅDE	-	høgspenline FA1
Pbl. 25.6	SPECIALOMRÅDE	-	camping C1
		-	friluftsområde på land F1
		-	friluftsområde i sjø FS1
		-	frisiktsoner i kryss

§ 3.0 Landbruksområde L1

- 3.1 Området omfattar eksisterande landbruksområde L1. Området skal nyttast til landbruk i kombinasjon med camping.
- 3.2 Innafor området gjeld reglane i §§5 og 9 i jordlova.

§ 4.0 Faeområde FA1

- 4.1 Området omfattar eksisterande høgspenline med sikringssone.
- 4.2 I sikringssona ved gjeld dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer og forskrifter for høgspenningsanlegg.

§ 5.0 Specialområde – camping C1

- 5.1 Området omfattar eksisterande landbruksområde L1/C1. Området skal nyttast til camping i kombinasjon med landbruk.
- 5.2 I området kan det førast opp servicebygg for campinganlegget med toalett, vaskerom og resepsjon/kiosk, straumuttak for campingbilar og tømmeastasjon for toalett.
- 5.3 Servicebygget skal ha ei tilbaketrekt plassering inn mot grense mot friluftsområde F1. Plassering er vist med byggegrense på reguleringskartet. Bygg kan førast opp i ein etasje. Største mønehøgde 7m.
- 5.4 Innafor campinganlegget kan det etablerast eit internt vegnett med inntil 6 parkeringsplassar ved servicebygget. Gangvegnett skal tilretteleggast for rullestolsbrukar.
- 5.5 Campinganlegget kan gjerdast inn. Gjerde må ikkje plasserast slik at det hindrar fri ferdsle i strandsona. Eventuelle flaggstenger skal plasserast slik at dei ikkje er til hinder for landbruksdrifta i området. Store reklameskilt eller produktreklame i form av store plastfigurar og

liknande kan ikkje settjast opp i området.

5.6 Ved opparbeiding av campinganlegget skal illustrasjonsplan dagsett 1.3.2005 leggast til grunn for arbeidet.

§ 7.0 Spesialområde – friluftsområde F1.

7.1 Området omfattar eksisterande strandsoner mellom landbruksområde og vatnet. Området skal liggje som ei naturdominert strandsoner.

7.2 I området kan det gjerast skjøtselstiltak som gjer arealet betre egna for friluftsliv i form av bading, soling, rast og opphald.

7.3 I området kan det byggast mindre anlegg som gjer det enklare for rørslehemma å kome ut i vatnet eller opp i båt. Permanente anlegg skal byggemeldast.

7.4 I området kan etablerast brygge for robåtar og kano og for fiskemoglegheit for rullestolsbrukar. Båt og bryggeanlegg skal plasserast lengst nord eller lengst sør i anlegget slik at dei ikkje stenger for bade plass ved sjøive neset.

7.5 I området skal det berre nyttast stådeigen overordna vegetasjon.

§ 8.0 Spesialområde – friluftsområde i sjø FS1.

8.1 Området omfattar sone FS1 i Hestadfjorden. Området skal nyttast til friluftsområde i sjø med hovudvekt på bading.

8.2 I området kan det etablerast rampe- og bryggeanlegg som gjer det enklare for rørslehemma å kome ut i vatnet eller opp i småbåtar. Det kan etablerast utsettingsplass for småbåtar knytt til veganlegget på campingplassen. Anlegga skal byggemeldast.

8.3 Området kan ikkje nyttast til permanent båt plass for anna enn campingplassen.

§ 9.0 Spesialområde – frisiktsoner i kryss.

9.1 Siktsonene er markerte på plankartet. I siktsona skal det ikkje etablerast anlegg eller vegetasjon som er høgare enn 50cm over tiliggjande vegbane. Unntak er stolpar og einskildtre med diameter under 30 cm.